

Årsmelding 2016 for Håvoll småbåtlag

Håvoll Småbåtlag har 142 medlemmer med båt plass og 21 medlemmer utan plass i tillegg til dette har Rjånes ungdomssenter disponert 2 båt plasser, og Langlo 1 båt plass fram til 07.07.2016.

Styret har i 2016 hatt slik sammansetting: John A Bjørdal (leiar) Håvard Bjørndal (nestleiar) Jon Magnus Kårstad (kasserar) Jon Inge Vinjevoll (styremedlem) John Ivar Solvang (styrmedlem) Arve Johan Yksnøy (styremedlem) Eldar Halse (styremedlem) Kjell Erik Vikestrand (1. vara) Anders Ørstavik (2.vara) Det har vore 6 styremøter.

Hovud oppgåver.

Styret har arbeid mykje med å få til løysingar på grunn og veg spørsmål som er framtidsretta og klare slik at vi unngår å bruke tid og energi på løysing av konflikter. Dette gjeld spesielt eigedomen til Rjånes ungdomssenter og til hytteeigarane som hadde midlertidig vegrett. Vi har møte med partane frå ungdomssenteret og ein del kontakt på mail og telefon utan å oppnå semje. I desember tok vi kontakt med jordskiftretten og rekvirerte jordskiftesak for området for å få til ei framtidsretta og fornuftig løysing der alle partar rundt havna er med.

I mai tok John Bjarne Johansen kontakt og ville selja eigdommen Langlo hadde ved havna vi vart einige om vilkåra og handelen vart gjennomført.

Den 10.06 hadde deler av styret besøk på havna av ordfører Stein Aam, teknisksjef Rolf Magnus Sundgot og rådgiver Arnstein Nupen

Dei var svært imponerte over anlegget, og var inntresserte i vidare utvikling av havna og området.

I mai/juni tok Tor Larsen kontakt med styret og ville leiga klubbhuset for drift av kafe/gatekjøkken dette fann vi å kunne prøve.

Investering.

I 2016 er investeringa kjøp av Langlo egedomen dette som eit ledd i å få hand om veg og fjøregrunn i havna. Det er elles utført ein del utbetringar på tekniske anlegg på klubbhuset.

Planer.

Ørsta kommune ynskjer å få til ei toalettløysing slik som beskrive i reguleringsplanen og i samband med dette er det mulig at vi kan bygga 1-2 naust event.selja nausttomter. Vidare planer for asfaltering eller andre større tiltak vil vi venta med til vi ser kva planer kommuna har, og kva vilkår jordskifte gir oss.

Bjørdalen 02.02.2017